

- Ikkje kjør inn på skuleplassen!

12.11.2015



Det er dårleg sikt når ein kjører inn på skuleplassen om kveldane. Dette biletet er tatt like før kl.17 i ettermiddag.

**Skuleområdet er eit aktivitetssentrum i bygda. Mange små og store nyttar seg av dei mange gode tilboda som føregår der. No mørknar det om kveldane, og med kveldsmørket aukar også trafikkfaren. Særleg utsett er dette inne på skuleplassområdet der mange ivrige små spring travelt over plassen.**



Porten skal vera lukka, og vi skal gå inn opninga til høgre.

Ein lesar har teke kontakt med oss og påpeika den store faren med at bilane kjører inn på skuleområdet. Vedkommande er redd for at det skal skje ei alvorleg ulukke, for sikten er dårleg, særleg på regntunge kveldar, og ungane kan koma kjapt på. No er det også kome skateelement, og ein må tru på positiv aktivitet rundt dei.

Lesaren vår påpeikar også at hovudporten skal vera stengd, og den skal berre opnast i særskilde høve slik som ved utrykningar og varetransport. Grunnen til at den ikkje er låst, er at den må kunna opnast raskt for utrykningskjøretøy som ambulanse og brannbil. Det vert sagt at hovudregel er at porten skal vera stengd, bilar skal parkera utanfor, og så skal ein gå inn i det opne feltet til høgre for porten. Tidlegare var det også eit skilt som fortalde at det var forbode å kjøra inn på området.

Lesaren vår håpar verkeleg dette vert respektert framover, for vi har ikkje råd til å gamla med det kjæraste vi har. Ho har også kontakta rektor Lilli-Brit Urheim om saka.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland